



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 20/121
Arkivid: K2 - U62, K2 - U63, K1 - 140
Saksbehandlar: Inger Gjølgali

Saksnr.	Utval	Møtedato
02/20	Kommunestyrekomité for helse og omsorg	13.05.2020

Alkoholpolitisk handlingsplan 2020 - 2024

Vedlegg:

26.03.2020	Sak 11.20 Formannskapet - Alkoholservering ved enkeltarrangement i Gapahuken (L)(325634)	152639
26.03.2020	Retningslinjer - Gapahuken (L)(324212)	152640
24.04.2020	Regional rusmiddelpolitisk handlingsplan om sals- og skjenkeløyver	154899
29.04.2020	Alkoholpolitisk handlingsplan for Øystre Slidre 2020 - 2024 - utkast	155234
11.05.2020	Innspill fra leiande helsesjukepleiar	155812

Bakgrunn for saka:

Kommunen har etter alkoholloven sin § 1-7d plikt til å utarbeide alkoholpolitisk handlingsplan.

Saksutgreiing:

Alkoholloven sitt føremål, § 1-1:

«Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer»

Øystre Slidre kommune har ei alkoholpolitisk handlingsplan, sist godkjent av kommunestyret i april 2016. Planen ligg ved. Plana er oppdatert med ny layout og ny nummereringa av punkta.

Nytt kommunestyre må gjennomgå planen som skal gjelde for ny løyveperiode, vilkår og retningsliner satt i alkoholpolitisk handlingplan vil gjelde i ny løyveperiode, frå 01.10.20.

Loven seier ikkje kva planen skal innehalde, men planen bør vise dei alkoholpolitiske hovudmåla og dei delmål kommunen legg til grunn for sin alkoholpolitikk, og dei verkemiddel som vil bli teke i bruk for å nå måla.

Kommunen kan vurdere ulike forhold i sin alkoholpolitikk; dette kan vere:

- Aktivt avgrense talet på løyver for sal og skjenkinga av alkohol i kommunen ved å sette «tak» på talet løyver ein vil tillate
- Er einskilde typar skjenestadar uønska?
- Er det typar verksemder som kommunen ikkje ynsker skal ha skjenkeløyve?
- Avgrense uteservering
- Avgrense typar lokale der det ikkje skal skjenkast alkohol, t.d. lokale for ungdomsklubb
- Tilgjengeleghet, t.d. nettsal av alkohol gr. 1 frå daglegvarebuitkkar

- Omsynet til kontroll av sal og skjenking av alkohol

Regional rusmiddelpolitisk handlingsplan for Valdres

Det er utarbeidd ei regional rusmiddelpolitisk handlingsplan for Valdres for perioden 2014 – 2017. Planen vart sist rullert i 2015 og er fortsatt gjeldande.

Det er naturleg å sjå alkoholpolitisk handlingsplan og rusmiddelpolitisk handlingsplan i samanheng. Det er dei same utfordringane i valdreskommunane når det gjeld det overordna i forhold til rusproblematikk, men når det gjeld den alkoholpolitiske delen av planen vil dette vere meir individuelt i kvar kommune.

Regional rusmiddelpolitisk handlingsplan sine føresegner for sals- og skjenkeløyver ligg ved.

Type løyver:

Kommunen kan tildele to typer løyver

- Salsløyver for alkohol gr. 1 (typisk daglegvarebutikk) og salsløyve for alkohol gr. 2 og 3 (Vinmonopol).
- Skjenkeløyver. Alminnelege løyver for periodar på inntil fire år, for ein bestemt del av året eller for eit enkelt arrangement.

Løyver som gjeld fram til 30.09.2020 i Øystre Slidre kommune:

6 daglegvarebutikkar har pr. i dag salsløyve for alkohol gr. 1.

21 skjenkeløyve, fordelt på pubar, restaurantar, hotell, fjellstuer og kafear.

Talet på løyver er stabilt.

Vinmonopolet på Beitostølen har salsløyve for alkohol gr.2 og 3.

Enkeltarrangement:

Festivalane Beitostølen Live og Trollrock hatt skjenkeløyver for sine arrangement.

Det vert gjeve ambulerande skjenkeløyver etter søknad til slutta lag og skjenkeløyver til enkelthøve etter søknad. Enkelthøve er typisk opne arrangement på t.d. samfunnshus. Politiet gir retningsliner for vakthald til opne arrangement.

Moment til revidering av planen:

Ungdomens kulturhus Gapahuken: ref. møte 30.01.20 ber formannskapet om at retningsliner for skjenkeløyve til Ungdomens Kulturhus Gapahuken vert handsama av alkoholpolitisk handlingsplan.

Saken frå formannskapet og retningsliner for Gapahugen ligg ved.

Regional rusmiddelpolitisk handlingsplan sitt pkt. 6 seier «*Kommunen legger vekt på at det ikke er ønskelig å legge skjenkestedet ved idrettsplasser, skoler, ungdomshus, m v.*».

Salsløyve for alkohol gr. 1 – nettsal

Alkoholloven opnar for å gi løyve til nettsal av alkohol, det vi gå fram av søknad om varane skal leverast ut frå eit bestemt lokale eller om det skal skje ved utkøyring.

Alkoholloven har ingen særskilte regler for korleis sal av alkohol bestilt på nett skal gåre føre seg, med unntak av alkoholforskrifta sin § 14-3, nr.10 om alkoholreklame ved nettsal.

Eit løyve for nettsal av alkohol må knyte seg eit bestemt lokale og ein bestemt type verksemd. Verksemda må ha løyve i alle kommunar der dei ynskjer å kunne leverte ut alkoholhaldig drikk til sine kundar.

Utlevering av alkohol bestilt på nett kan gå føre seg ved heimlevering direkte til kunden, kunden hentar varane på varelager eller frå særskilte utleveringspunkt.

Salsforma gir store utfordringar når det kjem til kontroll med utlevering av varane. Utlevering av alkohol må

- skje innanfor gjeldande salstider i kommunen
- kun skje til personar som er 18 år eller eldre
- ikkje skje til personar som er openbart påverka av rusmiddel.

Nettsal av alkohol gir auka tilgjengeleight til alkohol, ein kan få varane levert direkte på døra. Sett opp mot utsette grupper, barn og unge kan dette vere svært uheldig.

Kommunen står fritt til å kunne avslå søknad frå aktørar som ynsker å drive med nettsal av alkohol dersom kommunen ikkje ynsker slik verksemd i eigen kommune.

Vurdering:

Rådmannen ber om at desse spørsmåla blir vurdert til alkoholpolitisk handlingsplan:

1. Skal kulturavdelinga i kommunen kunne få skjenkeløyve for alkohol til sine arrangement i Ungdomens Kulturhus Gapahuken?
2. Skal det vere høve til å få salsløyve for nettsal av alkohol gr. 1 i kommunen?

Om JA: Kven skal få slik løyve? A) Kun dei som allereie har salsløyve for alkohol gr. 1 i kommunen frå før B) Daglegvarebutikkar i andre kommunar som ynskjer å levere til kundar i Øystre Slidre C) Alle som søker skal kunne få eit løyve for nettsal av alkohol gr. 1 så fram dei fyller alkoholloven sine krav.

3. Eventuelle endringar i gjeldande plan

Rådmannen legg saka fram med slikt forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek alkoholpolitisk handlingsplan for 2020 – 2024.

Før planen vert lagd fram for handsaming i kommunestyret ber komiteen rådmann sende planen på høyring og samanfatte og vurdere høyringsinnspele og leggje dette fram for kommunestyret i samband med handsaminga av planen i kommunestyret.

Kommunestyrekomité for helse og omsorg 13.05.2020:

Behandling:

Komiteen ber rådmannen å gjere følgjande endringar:

Pkt 5 side 5: Rådmannen kan gi dispensasjon for store arrangement og festivalar.

Rådmannen kan gje retningsliner for det enkelte arrangement og skjenketidspunkt for lukka lag fram til kl. 03.00.

Pkt. 2 i vurderinga frå rådmannen: Det blir ikkje opna for nett-sal

Før planen vert lagd fram for handsaming i kommunestyret ber komiteen rådmann sende

planen på høyring og samanfatte og vurdere høyringsinnspele og leggje dette fram for kommunestyret i samband med handsaminga av planen i kommunestyret.

KHO- 02/20 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek alkoholpolitisk handlingsplan for 2020 – 2024.

Rett møtebok: